

REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL KOMMUNALT FOLKEVALDE I SANDØY KOMMUNE.

1. ORDFØRAR.

1.1. Ordføraren si stilling vert 100% med høve til å søkje om lågare stillingsprosent, minimum 80%. Godtgjersla i 100% stilling vert sett lik rådmannen si løn.

1.2

- Ordføraren får ikkje utbetalt møtegodtgjersle
- Det vert utbetalt godtgjersle for ordførar 12 mnd. i året
- Etter at ordføraren sluttar i vervet, vert det gjeven ei etterbetaling lik 1 mnd godtgjersle
- Det vert gått inn på ordførarordninga i KLP, med mindre ordføraren ønskjer ei anna ordning.

2. VARAORDFØRAR

Vararordførar si godtgjersle vert sett til kr 25.000,- pr. år.

3. FAST GODTGJERSLE FOR ANDRE FOLKEVALDE LEIARAR

3.1. FORMANNSKAPET

Formannskapets medlemmer får i tillegg til møtegodtgjersle ei fast godtgjersle på kr 10.000,- pr. år.

3.2 ANDRE LEIARAR

Andre leiarar får i tillegg til møtegodtgjersle kr 200,- pr. avhaldne møte.

3.3 FRÅVER

Fråver frå meir enn 1/3 av møta for leiarane omtalte i punkt 3.1. fører til ein reduksjon på 25% av godtgjersla. Innspara midlar skal tilfalle møtande vara i høve til antall møte dei har delteke på.

4. MØTEGODTGJERSLE

Medlemmer i faste kommunale organ får ei møtegodtgjersle på kr 400,- pr møte.

Medlemmer i ad-hoc-utval oppnemde av kommunestyret får kr 400,- pr. møte.

Kommunale representantar, vald av kommunestyre eller formannskap i div. lag og foreningar får kr 400,- pr. møte.

5. SKYSS OG KOSTUTGIFTER

Kommunale tillitsmenn får skyss- og kostgodtgjersle i samsvar med det kommunale reiseregulativet ved naudsynte kommunale oppdrag. Kostgodtgjersla vert ikkje gjeve ved møtedeltaking i kommunale styre, råd og utval innan kommunen.

6. ERSTATNING FOR TAPT ARBEIDSFORTENESTE OG FOR ANNA TAP.

- 6.1 Kommunale folkevalde som legitimerer at dei er trekt i løn av arbeidsgjevaren i samband med kommunale oppdrag, kan gjevast dekning for dette.
- 6.2 Sjølvstendig næringsdrivande kan få dekt legitimerte utgifter til vikar eller få godkjent tapt arbeidstid med inntil kr 1200,- for heildagsfråver, eller tilsvarande for mindre fråver.
- 6.3 Heimeverande representantar kan få dekt tapt arbeid med inntil kr 600,- for heildagsmøte ulegitimert eller tilsvarande for mindre fråver.

Godtgjersla som omfattar punkt 3.1. vert utbetalt to gonger i året.

Reglementet et vedtatt i K-sak 21/03